

Til Meland kommune,
Plan- og byggjesak.
p.b.79, 5906 Frekhaug.

Søknad om dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen.

I samband med planlegging av gnr. 9 bnr. 28 i Mjukebakkane reguleringsområde vil det vera arealmessig fornuftig for å gi ei god utnytting av området å få tillagd eit areal på om lag 450 kvm. frå gnr. 9 bnr. 2.

Dette tilleggsarealet er i kommuneplanen sin arealdel LNF-område. På arealet står det i dag ein del granskog. Denne er til sterk sjenanse for naboeigedommane. Arealet ligg inneklemt mellom bustadeigedomane og er driftsmessig, som skogsareal, svært urasjonelt. Omsøkt areal eignar seg best som tilleggsareal til bnr. 28 som då kan få ein betre utnytting av sitt areal. Medrekna tilleggsarealet vil då bnr. 28 få ein storleik på om lag 3725 kvm. Med god utnytting av arealet vil ein kunne plassere inntil 7 bustadeiningar, derav 3 tomansbustader og ein einebustad.

Hytta som i dag står på eigedomen skal rivast. I samsvar med prg. 5 i reguleringsplanen for Mjukebakkane/Mongsedal kan regulerte hyttetomter utnyttast som bustadområder. I tillegg kan areala utnyttast best mogeleg med fortetting og med ein utnyttingsgrad på inntil 25% BYA. Etasjehøgda er sett til 1 og 1/2 etasje dvs. 2 etasjar etter gjeldande målereglar.

Det vert derfor søkt om frådeling av omsøkt areal og om dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen slik at arealet går frå LNF-område til bustadområde og der arealet vert lagd til gnr. 9 bnr. 28. Reguleringsplanen for området bør då justerast deretter.

Grunngjevinga for søknaden om dispensasjon går fram av ovanforståande.

Vedlagd føl søknad om delinga med naudsynte kart , kvittering for nabovarsel og plan for utnytting av området.

Orrhøyen ²/1-2017 .

Mvh.

Robert Blom
Robert Blom
Eigar av gnr. 9 bnr. 2

Oddbjørn Meland
Oddbjørn Meland
Eigar av gnr. 9 bnr. 28.